

NotatDato: 03.04.2018
Arkivsak: 2018/8643-3
Saksbehandlar: gunradd

Til: Liz Eva Tøllefsen

Frå: Gunhild Raddum

**Oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for områdereguleringsplan
Vossevangen - Voss kommune - merknader?**

Voss kommune har i planprogrammet lagt stor vekt på å legge til rette for gange og sykkel for å sikre eit sentrumsområde som ikkje er dominert av biltrafikk. Dette er positivt og i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Det er i by- og tettstadsområder og rundt kollektivknutepunkter det i særleg grad skal leggast vekt på høy arealutnytting, fortetting og transformasjon, samt andre transportformer enn bil. Voss stasjon er eit viktig kollektivknutepunkt i kommunen, og utbetring av jernbanetilknyttinga til Bergen gir store moglegheiter for den vidare utviklinga av Voss.

Samferdselsavdelinga vurderer planprogrammet som eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å gjere Voss sentrum til eit attraktiv og levande regionsenter. Det blir lagt til rette for vekst i sentrum og tydelege føringar for overordna strukturer og ferdsel. Sentrum skal vere tett og ha gode samanhengande ferdselsårer der dei mjuke trafikantane er prioritert. Funksjonelle gang- og sykkelløysingar er avgjerande for om folk vel å la bilen stå, og dette er via brei merksemd. Idealet er «10-minutters byen», og dette gjer det svært viktig å fokusere på byrom og kva funksjoner som skal vere i dei ulike sentrumsgatene. I områdeplanen vil viktige avklaringar vere kor ein skal prioriter dei ulike trafikantgruppene. Kor skal det vere bilparkering, kor skal ein legge sykkeltraséar og kor skal forgjengarane vere prioritert? I tillegg må det takast omsyn til kollektivtransport gjennom sentrum. Samferdselsavdelinga legg til grunn at trafikktryggleik er med i utviklinga av gode løysingar for dei ulike trafikantgruppene.